



Bygdeutvikling

Suldal kommune

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Deres ref.

Vår ref.
08/1252 - 27

Dato
28.10.2024

UTTALE TIL SØKNAD OM FORLENGA BYGGEFRIST - BLÅFJELL PUMPE MED OVERFØRING TIL BLÅSJØMAGASINET I ULLA-FØRRE-SYSTEMET

Viser til brev datert 25.06.2024 der NVE ber om uttale. Suldal kommune har fått utsett uttalefrist.

Formannskapet har i møte 24.10.2024 fatta følgende vedtak 049/24:

Suldal Kommune meiner det er kome til fleire nye moment sidan Statkraft fekk konsesjon til utbygging av Blåfjell pumpa i 2017.

- Ryfylke villreinområde er vurdert til å vere i dårleg tilstand etter kvalitetsnorm for villrein.

Regjeringa har starta arbeidet med ein tiltaksplan for å betra forholda

- Det er under planlegging anna utviding av kraftanlegg i villreinområdet
- Det er opna for vilkårsrevisjon for Ulla-Førre
- Det er ei endring i energimarknaden

Suldal kommune er positive til å gi utsett byggjefrist til 2027 for realisering av Blåfjell pumpekraft under følgjande forutsetnad:

-Statkraft må i det vidare arbeidet med prosjektet , basera seg på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for villreinen som blant anna ser til arbeidet med tiltaksplan for villrein og saka om vilkårsrevisjon for Ulla-Førre

-Statkraft skal i det vidare arbeidet med prosjektet vurdere den totale belastninga for villreinen som følgje av arbeid med Blåfjell pumpe og andre prosjekt planlagt i same tidsrom."

Saksframlegg er vedlagt.



| Eidsvegen 7, 4230 SAND

| Bankgiro: 3202.07.01153

| 52 79 22 00

| org. nr 964 979 189

| postmottak@suldal.kommune.no

| www.suldal.kommune.no

Med helsing

Jarle Lunde
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til

| | | | |
|--------------------|----------------------|------|------------|
| Hjelmeland Kommune | Vågavegen 116 | 4130 | Hjelmeland |
| NVE v/Tord Solvang | | | |
| Rogaland | Postboks 130 Sentrum | 4001 | Stavanger |
| Fylkeskommune | | | |
| Statsforvaltaren I | Postboks 59 Sentrum | 4001 | Stavanger |
| Rogaland | | | |
| Villreinnemnda for | Sandsvegen 122 | 4230 | SAND |
| Setesdalsområdet | | | |
| v/Jarle Lunde | | | |

Mottakere

| | | | |
|-------------------|---------------|------|------|
| NORGES VASSDRAGS- | Postboks 5091 | 0301 | OSLO |
| OG | Majorstua | | |
| ENERGIDIREKTORAT | | | |
| (NVE) | | | |

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------|-------------------|
| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
| Jarle Lunde | K2-K54 | 08/1252 |

| | | | |
|---------------|--|-------------|-------------|
| Saksnr | Utval | Type | Dato |
| 065/24 | Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet) | PS | 15.10.2024 |
| 049/24 | Formannskapet | PS | 24.10.2024 |

UTTALE TIL SØKNAD OM FORLENGA BYGGEFRIST - BLÅFJELL PUMPE MED OVERFØRING TIL BLÅSJØMAGASINET I ULLA-FØRRE-SYSTEMET

Kommunedirektøren si innstilling

Suldal kommune rår i frå at det blir gitt forlenga byggefrist for realisering av Blåfjell pumpekraftverk

Kommunen meiner det er kome til fleire nye moment sidan Statkraft fekk konsesjon til utbygging av Blåfjell pumpe i 2017.

- Ryfylke villreinområde er vurdert til å vere i dårleg tilstand etter kvalitetsnorm for villrein. Regjeringa har starta arbeidet med ein tiltaksplan for å betre forholda
- Det er under planlegging anna utviding av kraftanlegg i villreinområdet
- Det er opna for vilkårsrevisjon for Ulla-Førre
- Det er ei endring i energimarknaden

Med bakgrunn i endra prognosar for framtidige kraftprisar og negative uttalar til planendingsforslaget i 2018 vil Statkraft gjere ei *“ny vurdering av om alternativet som allerede har konsesjon kan bygges ut”*.

Suldal kommune ser det som positivt at Statkraft ser på planen med nye auge, men meiner at ein bør sjå på saka i eit bredt perspektiv. Dette kan vere ei ny konsesjonshandsaming. Me treng eit oppdatert kunnskapsgrunnlag som blant anna ser til arbeidet med tiltaksplan for villrein og saka om vilkårsrevisjon for Ulla-Førre.

Sand, 28.10.2024

Vedlegg:

Høyring av søknad om forlenga byggefrist - Blåfjell pumpe med overføring til Blåsjømagasinet i Ulla-Førre-systemet
BLÅFJELL PUMPE - STATKRAFT TREKKER SØKNAD OM PLANENDRING OG SØKER OM UTSATT BYGGEFRIST


Samandrag

NVE ber om uttale til Statkraft sin søknad om løyve til å forlenge byggefrist for Blåfjell pumpe med 5 år fram til 2027. Gjeldande byggefrist gjekk ut i 2022. Saka gjeld ikkje kva kommunen meiner om prosjektet, men om det har komme inn nye moment i saka etter 2017 som tilseier at fristen ikkje bør forlengast. Kommunedirektøren meiner det er fleire nye moment i saka som bør vurderast nærare.

Fakta

Statkraft Energi AS fekk opphavleg konsesjon til å byggje Blåfjell pumpe i 2013 og seinare løyve til planendring i 2017. I 2018 søkte Statkraft om ytterlegare planendring, men denne søknaden vart trekt 06.05.2024. NVE har no motteke ein søknad om løyve til å forlenge byggefristen for Blåfjell pumpe med fem år, til 31.08.2027. I søknaden om utsett frist heiter det: *“Statkraft vil gjøre en ny vurdering av om alternativet som allerede har konsesjon kan bygges ut, for å ytterligere styrke Ulla-Førresystemet som et av de viktigste anleggene for kraftbalansen i Norge.”*

NVE skal vurdere om det har kome inn nye moment i saka som tilseier at fristen ikkje bør forlengjast. Planlagt tiltak ligg sørvest for Førrevassdammen (Blåsjø) i Hjelmeland kommune. Involverte vatn er hovudsakleg Store Gilavatn, Store Blåfjellvatn og Trolltjørna. Vatn skal pumpast opp til Blåsjø. Rekna produksjon er 46 GWh.



Planområdet ligg vest for Blåsjø, i Hjelmeland kommune.

Lover, føresegner, rundskriv

Energilova

Vassdragsreguleringslova

Vassressurslova

Økonomiske konsekvensar

Kraftanlegget vil overføre vatn til Blåsjø og dermed gi ei auka produksjon i kraftverka i Suldal. Ei eventuell realisering av planane vil derfor kunne føra til noko auka kraftinntekter til kommunen.

Folkehelse

Ikkje relevant.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Området ligg i omsynssone nasjonalt villreinområde i Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen). I denne sona skal villreinen sine interesser tilleggast stor vekt i all arealforvaltning og saksbehandling.

Suldal kommune har tidlegare uttalt seg i saka:

LMT-utvalet gjorde følgjande vedtak (LMT-044/09) til Statkraft sin første søknad om konsesjon for Blåfjell pumpe:

Suldal kommune rår til at konsesjon blir gitt til søknad om Blåfjell pumpe med overføringar til Blåsjømagasinet. Suldal kommune krev at straumlina til pumpehus ved Stora Blåfjellvatn blir lagt i sjøkabel. Det må også vere mogleg å passera bekken mellom Litla Gilavatnet og Stora Blåfjellvatnet.

Suldal kommune uttalte seg ikkje til planendringa som blei vedteke i 2017 og som er den konsesjonen som nå gjeld.

Til ny søknad om planendring i 2018 vedtok LMT-utvalet (LMT - 010/19):
For ivaretaking av villreinstammen er det vesentleg at det ikkje blir tillate byggetiltak som ytterligare redusere trekkveggar og dermed leveområda. Suldal kommune rår difor frå at ny planendring for Blåfjell pumpe blir godkjent.

Innkomne uttalar

NVE har sendt saka på ei avgrensa høyring. Suldal kommune har fått utsett uttalefrist. Me har motteke kopi av tre uttalar.

Hjelmeland kommune v/formannskapet har 27.08.24 frårådd utsett byggefrist for realisering av Blåfjell pumpekraftverk. Sidan 2017 har det kom til nye moment som tilseier at ei kraftutbygging i dette området bør sjåast på i ein breiare samanheng. Forholdet til villreinen blir framheva.

Rogaland fylkeskommune vurderer saka på same måte (11.09.2024): *“Det vil være naturleg å vurdere samlet belastning på villreinen, miljø og andre allmenne interesser av de samlede kraftutbyggingene i området og de pågående vilkårsrevisjoner og utbyggingsplaner som foreligger i området”.*

Arbeidsutvalet i villreinnemnda meiner 24.09.24 at det ikkje bør gis ei forlenga byggefrist for Blåfjell pumpe. *“Det er naudsynt å vurdere planane på nytt. Ein treng ei oppdatert villreinfagleg vurdering som ser på ei utbygging i forhold til samla belastning, og i samanheng med tiltaksplan for Setesdal Ryfylke villreinområde. Kvalitetsnorma for villrein tilseier at ein må betre situasjonen for villreinen i området.”*

Vurdering og konklusjon

Søknad om løyve til å forlenga byggefrist gjeld for godkjend planendringforslag frå 2017. Spørsmålet er ikkje kva kommunen meiner om prosjektet, men om det har komme inn nye moment i saka etter 2017 som tilseier at fristen ikkje bør forlengast. I dette må ein og stilla spørsmål om kunnskapsgrunnlaget som låg til grunn for konsesjonen er god nok. Dersom det ikkje blir gitt forlenga byggefrist, vil konsekvensen vera at Statkraft må søkje om konsesjon på nytt med eit oppdatert kunnskapsgrunnlag.

Kommunedirektøren meiner følgjande nye moment er relevante:

- Kunnskapsgrunnlaget i dag er generelt betre om villrein. Den villreinfaglege rapporten knyt til Blåfjell pumpe er frå 2008.
- Me har fått kvalitetsnorm for villrein. Denne konkluderte med at Setesdal Ryfylke villreinområde kom ut i dårleg tilstand (ikkje godkjend). Villreinen har også kome på raudlista
- Regjeringa har starta opp arbeidet med ein tiltaksplan for å betre tilstanden. Utkast til tiltaksplan blei levert KLD i desember 2023 og utgjør eit breitt spekter av ulike foreslåtte tiltak. Mellom anna er det føreslått tiltak i forhold til vandringsbarrierar både nord og sør for Blåfjellområdet (Øvre-Moen/Oddatjørndammen, Storsteinområdet)

- NVE opna vilkårsrevisjon for Ulla-Førre anlegga i 2019. Blåfjell pumpe er ikkje ein del av revisjonen sjølv om det i NVE si vegleiing om vilkårsrevisjon heiter: «*Dersom det er aktuelt med opprustning og utvidelse av reguleringsanlegget, vil behandlingen av et slikt prosjekt normalt samordnes med vilkårsrevisjonen*».
- Røldal Suldal kraft har søkt om opprusting og utviding av sitt anlegg med mellom anna pumpekraftverk. Fleire andre konsesjonærar i villreinområdet planlegg også tilsvarande. I denne samanheng er vurdering av samla belastning viktig i forhold til villrein.
- Energisituasjonen er endra. Blant anna er det europeiske energisamarbeidet forsterka og ein stor del uregulerbar kraft frå vind og sol krev løysingar for fleksibilitet i stort omfang

Blåfjell pumpe vil med ein årsproduksjon på omlag 47 GWh inn i Ulla-Førre anlegga bidra positivt til fornybar regulerbar kraftproduksjon. Søknaden har vore igjennom ein lang prosess sidan første søknad i 2008. I denne prosessen er prosjektet blitt betre sett i forhold til miljøpåverknad der særleg villrein har hatt fokus. Likevel er kommunedirektøren samd med Hjelmeland kommune og andre uttalepartar som konkluderer med at nye moment i saka tilseier at saka bør vurderast i lys av eit nytt kunnskapsgrunnlag.

Med bakgrunn i endra prognosar for framtidige kraftprisar og negative uttalar til planendringforslaget i 2018 vil Statkraft gjere ei *“ny vurdering av om alternativet som allerede har konsesjon kan bygges ut”*. Kommunedirektøren meiner det er positivt at Statkraft vil gjere denne vurderinga, men meiner at ein bør sjå på saka i eit bredt perspektiv. Dette kan vere ei ny konsesjonshandsaming. Me treng eit oppdatert kunnskapsgrunnlag som blant anna ser til arbeidet med tiltaksplan for villrein og saka om vilkårsrevisjon for Ulla-Førre.

15.10.2024 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Kort orientering frå kommunalsjef Øyvind Stueland og rådgjevar Jarle Lunde.

RØYSTING:

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå kommunedirektøren.

LMT - 065/24 Vedtak:

Suldal kommune rår i frå at det blir gitt forlenga byggefrist for realisering av Blåfjell pumpekraftverk

Kommunen meiner det er kome til fleire nye moment sidan Statkraft fekk konsesjon til utbygging av Blåfjell pumpe i 2017.

- Ryfylke villreinområde er vurdert til å vere i dårleg tilstand etter kvalitetsnorm for villrein. Regjeringa har starta arbeidet med ein tiltaksplan for å betre forholda
- Det er under planlegging anna utviding av kraftanlegg i villreinområdet
- Det er opna for vilkårsrevisjon for Ulla-Førre
- Det er ei endring i energimarknaden

Med bakgrunn i endra prognosar for framtidige kraftprisar og negative uttalar til planendingsforslaget i 2018 vil Statkraft gjere ei *“ny vurdering av om alternativet som allerede har konsesjon kan byggjes ut”*.

Suldal kommune ser det som positivt at Statkraft ser på planen med nye auge, men meiner at ein bør sjå på saka i eit bredt perspektiv. Dette kan vere ei ny konsesjonshandsaming. Me treng eit oppdatert kunnskapsgrunnlag som blant anna ser til arbeidet med tiltaksplan for villrein og saka om vilkårsrevisjon for Ulla-Førre.

24.10.2024 Formannskapet

Handsaming:

Fellesforslag AP, V, KrF, foreslått av Olav Lindseth, Venstre

Suldal Kommune meiner det er kome til fleire nye moment sidan Statkraft fekk konsesjon til utbygging av Blåfjell pumpa i 2017.

· Ryfylke villreinområde er vurdert til å vere i dårleg tilstand etter kvalitetsnorm for villrein.

Regjeringa har starta arbeidet med ein tiltaksplan for å betra forholda

- Det er under planlegging anna utviding av kraftanlegg i villreinområdet
- Det er opna for vilkårsrevisjon for Ulla-Førre
- Det er ei endring i energimarknaden

Suldal kommune er positive til å gi utsett byggjefrist til 2027 for realisering av Blåfjell pumpekraft under følgjande forutsetnad:

-Statkraft må i det vidare arbeidet med prosjektet , basera seg på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for villreinen som blant anna ser til arbeidet med tiltaksplan for villrein og saka om vilkårsrevisjon for Ulla-Førre

-Statkraft skal i det vidare arbeidet med prosjektet vurdere den totale belastninga for villreinen som følgje av arbeid med Blåfjell pumpe og andre prosjekt planlagt i same tidsrom."

RØYSTING

Innstilling frå kommunedirektøren.

For: 2 SP

Fellesforslag frå V, AP, KrF

For: 5 AP, KrF, H, V

F - 049/24 Vedtak:

Suldal Kommune meiner det er kome til fleire nye moment sidan Statkraft fekk konsesjon til utbygging av Blåfjell pumpa i 2017.

· Ryfylke villreinområde er vurdert til å vere i dårleg tilstand etter kvalitetsnorm for villrein.

- Regjeringa har starta arbeidet med ein tiltaksplan for å betra forholda
- Det er under planlegging anna utviding av kraftanlegg i villreinområdet
 - Det er opna for vilkårsrevisjon for Ulla-Førre
 - Det er ei endring i energimarknaden

Suldal kommune er positive til å gi utsett byggjefrist til 2027 for realisering av Blåfjell pumpekraft under følgjande forutsetnad:

- Statkraft må i det vidare arbeidet med prosjektet , basera seg på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for villreinen som blant anna ser til arbeidet med tiltaksplan for villrein og saka om vilkårsrevisjon for Ulla-Førre
- Statkraft skal i det vidare arbeidet med prosjektet vurderer den totale belastninga for villreinen som følgje av arbeid med Blåfjell pumpe og andre prosjekt planlagt i same tidsrom."